

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
269/14	Formannskapet	PS	10.12.2014
158/14	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE - 233	14/1714

### Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgende handlingsprogram i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2016

#### Formannskapet - 269/14

#### FS - behandling:

Framlegg frå rådmannen:

Austrheim kommunestyre vedtek følgende handlingsprogram i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2016	
Ordinære anlegg:	
Prioritet	Søknadsnavn/nr
1 (fornyning)	Klubbhus 1264003204
2 (fornyning)	Garderobe i klubbhuset 12640032004
3 (fornyning)	Driftsbygg i klubbhuset 12640033204
Ordinære nærmiljøanlegg:	
Prioritet	Søknadsnavn/nr.

1 (fornyning)	Kystbarnehagen aktivtetsområde 1264003801
2 (fornyning)	Kaland – klatresentral 126400215
3 (fornyning)	Turveg Vardetangen
4 (fornyning)	Turveg Årvika
5 (ny)	Nærmiljø, Årås skule
6 (ny)	Nærmiljø Kaland Barnehage
7 (ny)	Nærmiljø Kaland barne og ungdomsskule

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande handlingsprogram i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2016	
Ordinære anlegg:	
Prioritet	Søknadsnavn/nr
1 (fornyning)	Klubbhus 1264003204
2 (fornyning)	Garderobe i klubbhuset 12640032004
3 (fornyning)	Driftsbygg i klubbhuset 12640033204
Ordinære nærmiljøanlegg:	
Prioritet	Søknadsnavn/nr.
1 (fornyning)	Kystbarnehagen aktivtetsområde

	1264003801
2 (fornyng)	Kaland – klatresentral 126400215
3 (fornyng)	Turveg Vardetangen
4 (fornyng)	Turveg Årvika
5 (ny)	Nærmiljø, Årås skule
6 (ny)	Nærmiljø Kaland Barnehage
7 (ny)	Nærmiljø Kaland barne og ungdomsskule

### **Kommunestyret - 158/14**

#### **KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande handlingsprogram i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2016

#### **Saksopplysninger:**

For å kunne søkje på spelemidlar må handlingsprogrammet for ordinære anlegg og ordinære nærmiljøanlegg reviderast kvart år og opp til politisk handsaming, jamfør «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020» s. 40.

Alle prosjekt det skal søkjast spelemidlar til må vere med i ein kommunal plan og det er krav om rullering og prioritering kvart år.

#### **Vurdering**

Idrettsanlegg.no er eit register over alle idrettsanlegg i Noreg, og alle søknader skal registrerast elektronisk. Det er ein føresetnad at prosjekt der vi søkjer spelemidlar til skal stå i ein prioritert liste i det rullerte handlingsprogrammet til planen.

Den forenkla ordninga utan søknadsfrist med øvre kostnadsgrense på kr 80.000, «Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg», gjekk ut i 2014. Vi kan søkje om spelemidlar til

nybygg og rehabilitering for ordinære anlegg og ordinære nærmiljøanlegg. Det er fleire søknadar i fylket enn det er spelemidlar og vi må rekne med å søkje minst 3 år før vi kan vente å få utbetalt tilskotet.

*Ordinære anlegg:*

Anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Austrheim har ingen nye søknadar, og vi fornyar søknadar som er godkjent tidlegare (Klubbhus) med søknadsfrist 15. januar.

*Ordinære nærmiljøanlegg:*

Uteanlegg eller område for eigeorganisert fysisk aktivitet. Det er signalisert at Årås skule vil søkje om nærmiljøanlegg i 2015. Elles er det fornying av søknader vi har fått godkjent tidlegare; Kystbarnehagen aktivitetsområde (ferdig), Klatresentral på Kaland skule (ferdig), Turveg Vardetangen (prosjektert men ikkje starta), Turveg Årvika (snart ferdig). Søknadsfrist 15. januar.

Det er kome signal om at uteområdet ved Kaland barnehage og Kaland barne- og ungdomsskule skal rustast opp og vi tek med prosjektet i prioritert liste over nærmiljøanlegg sjølv om det ikkje er kome inn søknad.

Prioriteringa av dei ulike anlegga vert gjort i høve til rådmannen sin kjennskap til kor langt det enkelte prosjekt er kome i planlegginga, og etter søknad og signal frå lag og organisasjonar. Austrheim kommune har vedteke «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» og følgjer opp målsetjinga i planen.

Friluftslivets år 2015 vil ha fokus på friluftsliv i nærmiljøet, på fritidsfiske og på oppleving av kulturminner i naturen. Hordaland fylket vil i samband med Friluftslivets år lyse ut tilskot vi kan søkje på, og Austrheim kommune vil i samarbeid med Radøy kommune jobbe for oppgradering av Steinalderstien på begge sider av Fosnstraumen.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at rulleringa av handlingsprogrammet for dei neste åra vert vedteke slik han ligg føre.